

ÅRSMØTE I VALLDAL BYGDEKVINNELAG  
torsdag 3. nov. 2016 kl. 18 i Jordbærhuset på Døving

18 møtte.

Leiar Solveig ynskte velkomen og las to dikt av Bente Brattlund.  
Så song vi "Samlesong" av Marta Schumann.

Sak 1 Konstituering

Innkalling – godkjend utan merknad.  
Sakliste – godkjend utan merknad.  
Møteleiar – framlegg om Bjørg S. Kleppe – samråystes vald.  
Skrivar – framlegg om Sunneva Linge – samråystes vald.  
To til å skrive under møteboka –  
framlegg om Else Rødal og Eva Hansen - samråystes valde.

Sak 2 Årsmelding v/ Solveig

Årsmeldinga godkjend utan merknader.  
Årsmeldinga skal sendast til Storfjordnytt.

Sak 3 Arbeidsplan 2017 v/Solveig

Planen vart teken til vitande.  
Arbeidsplanen kan bli endra, nye oppgåver kan kome til utover i 2017.

Sak 4 Rekneskap

Rekneskapen vart utsett p.g.a. datatrøbbel.  
Rekneskapen blir lagt fram på eit ekstraordinært årsmøte – godkjend.  
På seterkonto no ca. 280000 kr, på brukskonto no ca. 5000 kr.  
Sansehagen har fått i gáve 28000 kr, har brukt ca. 15000 kr i 2016.

Sak 5 Kontingent

Framlegg frå styret at lokalkontigent framleis blir kr.0 – godkjend.  
Kontigent til NBK er auka med kr. 25. Fylkeskontigent veit vi ikkje enno.  
Laget reknar åresalet som lokal kontigent. Medl. er flinke til å kjøpe årar.  
VBK sponsar medl. ein del, m.a. slepp dei unna full betaling  
på kveldsmaten på årsmøtet og på februarmiddagen.

Sak 6 Evaluering av undergrupper

Merknader:

Kafegruppa og Tur/aktivitetsgruppa bør begge velje leiar og helst også nestleiar.  
Då veit gruppemedl. kven dei skal kontakte.  
Medl. bør få tydelege oppsett med datoar for oppgåver dei har ansvar for.  
Då blir det enklare å ta kontakt med gruppeleiar og seie frå kva dei kan gjere.  
Det er tyngre å vere leiar om ein må ringje og mase om å få t.d. kaker el. folk nok.  
På kyrkjekafe bør kakene leverast seinast 11.30.  
Sansehagegruppa med Judith og Astrid som ansvarlege, treng helst ein medansvarleg til, fordi Astrid er mykje borte.

## Sak 7 Val v/Judith Krogh frå valnemnda

Styre:	Mette Marie Døving leiar Bjørg S. Kleppe Turid Aspehjell Mariann G. Døving Sunneva Linge	2016 – 2017 ny 2015 – 2017 ikkje på val 2015 – 2017 ikkje på val 2016 – 2018 ny 2016 – 2018 attval
1. vara:	Solveig L. Stakkestad	2016 – 2017 ny
2. vara:	Nelly Ytterli	2016 – 2017 ny
3. vara	Anne Marie M. Moe	2016 – 2017 attval
4. vara	Astrid B. Andersen	2016 – 2017 attval
Revisorar:	Kristin V. Hjelme , Mette N. Valdal	2016 – 2017 attval
Heimeside:	Judith G. Krogh	2016 – 2017 attval
Nyføddgåve:	Randi Hole Heggen Eva Hansen	2016 – 2017 attval 2016 – 2017 ny
Syng med oss:	Astrid B. Andersen	2016 – 2017 attval
Sansehage:	Judith G. Krogh, Astrid B. Andersen	2016 – 2017 attval
Kafegruppe:	Vigdis D. Mork, Eva Hansen, Else Rødal, Inger Sissel Berdal, Inger Lise Hjelle, Bodil Døving, Kristi L. Stakkestad	2016 - 2017- attval
Tur og aktivitetsgr.:	Mariann G. Døving, Anne Nygård – attval Mette N. Valdal, Brita Relling – nye Alle	2016 – 2017

Valnemnd:	Mariann G. Døving Judith G. Krogh Nelly Ytterli	2014 – 2017 2015 – 2018 2016 – 2019 ny
Vart sagt at vara i styret kunne veljast inn i valnemnda.		

Årsmøtet var slutt.

Møtet vidare frå kl.19.30 var ope. 10 nye gjestar møtte opp.

Bente Skarbø frå Lykkeriet fortalte om bedrifta si – ho var to år i oktober.

Bente har kundar frå alle bygdene i kommunen, frå Muritunet, campinggjestar, Ålesund. Ho har nettbutikk, og tek inn rimelege varer med god kvalitet.

Ho har m. a. Raumagarn som er lokalt, kortreist garn med stor prosent ull i.

All ull bør vaskast i Milo. Nuppekam kan kjøpast på Lykkeriet.

15 prosent av omsetninga går gjennom nettbutikken.

Så var det kveldsmat til kr. 80. Mette Marie hadde stelt til eit flott matbord med mykje heimelaga mat. All æra til henne, for maten smakte kjempegodt.

Åresalet avslutta kvelden. Her var mange fine gevinstar som dei heldige fekk med heim.  
Folk kosa seg og hadde det triveleg i Jordbærhuset.. Vi var til saman 28 frammøtte.

Sunneva Linge skrivar